



Laksen har gjort seg stadig sterkere gjeldande i Uskedalselva. Tore Mackay tok ein villaks på 5,5 kilo denne sommaren. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Uskedalselva har framleis ein livskraftig bestand av sjøare sjølv om laksen etter kvart har gjort seg sterkt gjeldande..
Den offisielle fangststatistikken fortel at det i gjennomsnitt av dette fiskeslaget vart fanga 217 kilo pr. år frå 1969 til 2002 medan det i perioda etter kalkinga (2003-2006) er fanga 210 kilo i gjennomsnitt. Men den største fangsten av sjøare vart innrapportert i 1979 og var heilt oppe i 855 kilo!

Når det så gjeld laksen, vart det i perioden 1969-2002 fanga berre 38 kilo i gjennomsnitt medan det i åra etter kalkinga er fanga 200 kilo laks i gjennomsnitt. Den største fangsten av laks vart innrapportert i 2005 med 362 kilo medan 2006 var nest høgast med 335 kilo. Det endelege talet for i år er enno ikkje klart.


Den offisielle fangststatistikken for elva går heilt tilbake til 1914 men før 1969 vart det ikkje skilt mellom sjøaure og laks. Den største innrapporterte fangsten var 930 kilo i 1969 medan den gjennomsnittlege fangsten i perioden var 161 kilo.

Det var ein tydeleg auke i fangsresultata på slutten av 1970-talet og fram til 2006. Gjennomsnitleg fangst i perioden frå 1914 til 1976 var 79 kilo medan tilsvarende frå 1977 til 2006 var 333 kilo.

Men det er grunn til å tru at dei innrapporterte fangstane i den offisielle statistikken var særleg mykje underrapportert før 1980.

Desse opplysningane er å finna i den siste rapporten som fagfolka har kome med om Uskedalselva.

Av Ola Matti Mathisen



Dette er fangstane av sjøaure og laks teke i Uskedalselva i perioden 1914-2006. Kalking med doserar starta i 2002.